

Møteprotokoll

for

Plan- og kommunalteknisk utval

Møtedato: 30.08.2023
Møtestad: Formannskapssalen - Rådhuset Lonevåg
Møtetid: kl. 13:00 - 17:00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Aksel Mjøs	H	Utvallsleiar
Øyvind Litland	AP	Nestleiar
Kjellaug Hartveit	SP	Medlem
Alf Terje Mortensen	FRP	Medlem

Forfall meldt frå medlem	Parti	Rolle
Marit Adelsten Jensen	MDG	Medlem

Frammøtte varamedlemmer	Parti	Erstattar medlem
Kari Laurhammer Mjøs	KRF	Marit Adelsten Jensen

Følgjande frå administrasjonen møtte: Kommunalsjefen for samfunnsutvikling, leiar for teknisk forvaltning, rådgjevar frå Plan-avdelinga, leiar for kultur og mangfald og politisk-adm.sekretariat

Sakliste

Saknr	Tittel
068/23	Godkjenning av innkalling og sakliste
069/23	Godkjenning av møtebok
070/23	Delegerte saker
071/23	1. gong handsaming - Detaljregulering Utviding Mjelstad deponi, PlanID 46302021001
073/23	Heimvik hjortevald - Klage over vedtak om fellingsløyve for 2023
072/23	Forvaltningsplan for Kossdalen
074/23	111/59 Øvre Raknes - Oppføring av tilbygg og påbygg - Handsaming av klage
075/23	23/1 Kleppe Nordre - Søknad om dispensasjon - bruksendring frå løe til bustadhus - handsaming av klage
076/23	135/1 Runnhovda - Søknad om dispensasjon for oppføring av barnehage - handsaming av klage
078/23	13/1 Lono - Søknad om dispensasjon for oppretting av ny grunneigedom
077/23	Andre saker/spørsmål

068/23: Godkjenning av innkalling og sakliste

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

30.08.2023 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

Utvalseleiarer varsler ekstra gjennomgang og status på hjorteforvaltning og jakttildeling som vert teken i samband med og i forkant av sak 073/23.

Kjellaug Hartveit, SP, varsler slikt spørsmål til slutten av møte: Eg har teken dette opp før og kan ikkje sjå at det har vorte gjort noko. Kan ikkje bompengebuene på Sakslivegen verte fjerna no når vegen er kommunal.

Øyvind Litland, AP, varsler 3 spørsmål til slutten av møte: status Haus reguleringsplan, status på Tribunebakken på Valestrand og massedeponi for bedrifter/entreprenørar på Osterøy.

Alf Terje Mortensen, FRP, varsler 3 spørsmål til slutten av møte: oversikt over jakttildeling for årets jaktseong. Resultat av synfaring mai møte - naust Bernes, status Mjelddalen og avklaring på kva løyver som tidlegare er gitt.

Det var vidare avtalt at Tore Johan Erstad, leiar for teknisk forvaltning, gav statusorientering om arbeidet med KPA i slutten av møtet.

Det var elles ingen merknader til innkalling og sakliste.

PL - 068/23 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

069/23: Godkjenning av møtebok

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Møteprotokoll frå 14.06.2023 vert godkjend.

30.08.2023 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

Det var ingen merknader til møtebok

PL - 069/23 VEDTAK:

Møteprotokoll frå 14.06.23 vert godkjend.

070/23: Delegererte saker

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Melding om delegerede vedtak vert teken til vitande.

30.08.2023 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

Utvalet vart samrøystes i å gi slik merknad til dei delegerede sakene 186/23 og 178/23: Utvalet vil uttrykke sin bekymring når det gjeldt bustader for flyktningar. Utvalet ber om at kommunen ser til at flyktningane får tilstrekkeleg kvalitet på bustadtilhøve sjølv om dei er mellombels, og at ein ikkje busett flyktningar for lenge i høve som ikkje er skikka for det. Utvalet ber også administrasjonen om å utvide sirkelen for kor ein ser og leitar etter bustader, slik at ein har nok tilgang til gode bustader.

PL - 070/23 VEDTAK:

Melding om delegerede vedtak vert teken til vitande, med slik merknader til sakene 186/23 og 178/23: Utvalet vil uttrykke sin bekymring når det gjeldt bustader for flyktningar. Utvalet ber om at kommunen ser til at flyktningane får tilstrekkeleg kvalitet på bustadhøve sjølv om dei er mellombels, og at ein ikkje busett flyktningar for lenge i høve som ikkje er skikka for det. Utvalet ber også administrasjonen om å utvide sirkelen for kor ein ser og leitar etter bustader, slik at ein har nok tilgang til gode bustader.

071/23: 1. gong handsaming - Detaljregulering Utviding Mjelstad deponi, PlanID 46302021001

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

I samsvar med plan- og bygningslova § 12-11 vert forslag til reguleringsplan for utviding av Mjelstad deponi PlanID 46302021001 ikkje lagt ut til offentleg høyring. Val av trasé for sivevassleidning og veg til drift av anlegget har uheldige verknader som ikkje står i forhold til tiltaket si samfunnsnytte i driftsperioden.

30.08.2023 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

Utvalet sette fram slikt fellesframlegg:

"Plan- og kommunalteknisk utval innstiller på at i samsvar med plan- og bygningslova § 12-11 vert forslag til reguleringsplan for utviding av Mjelstad deponi PlanID 46302021001 lagt ut til offentleg høyring."

AVRØYSTING:

Utvalet sitt framlegg vert samrøystes vedteke.

PL - 071/23 VEDTAK:

Plan- og kommunalteknisk utval innstiller på at i samsvar med plan- og bygningslova § 12-11 vert forslag til reguleringsplan for utviding av Mjelstad deponi PlanID 46302021001 lagt ut til offentleg høyring.

Sak 072/23 vert utsett i påvente av at sakshandsamar skulle kome til møtet for å orientere i saka. Sak 072/23 vert handsama etter 073/23.

073/23: Heimvik hjortevald - Klage over vedtak om fellingsløyve for 2023

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

«Osterøy kommune sitt vedtak av 19.06.2023, sak 206/23, vert oppretthalde. Klagen vert ikkje teken til følgje. Grunngevinga for avgjerda går fram av saksutgreiing og vurdering nedanfor. Saka vert sendt Statsforvaltaren i Vestland for klagehandsaming, jf. Viltlova § 4 tredje ledd, jf. Forskrift om forvaltning av hjortevilt § 36.»

30.08.2023 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

Leiar for teknisk forvaltning orienterte i starten av saka om hjorteforvaltning og status for jakttildeling i forkant av saka.

AVRØYSTING:

Samrøystes vedteke

PL - 073/23 VEDTAK:

Osterøy kommune sitt vedtak av 19.06.2023, sak 206/23, vert oppretthalde. Klagen vert ikkje teken til følgje.

Grunngevinga for avgjerda går fram av saksutgreiing og vurdering nedanfor. Saka vert sendt Statsforvaltaren i Vestland for klagehandsaming, jf. Viltlova § 4 tredje ledd, jf. Forskrift om forvaltning av hjortevilt § 36.

072/23: Forvaltningsplan for Kossdalen

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Forvaltningsplanen vert lagt ut for innspel og tilbakemeldingar. Frist for tilbakemelding er 15. oktober.

Leiar for kultur og mangfald orienterte om forvaltningsplanen og svarte på spørsmål

30.08.2023 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

Utvalet sette fram slikt felles-tilleggsframlegg:

Administrasjonen vert beden om å korrigera faktafeil i planen, inkludert dialog med Lars Mjøs om hans innspel. Administrasjonen har så fullmakt til å senda ut korrigert plan for innspel og tilbakemeldingar

AVRØYSTING:

Kommunedirektøren sitt framlegg vert samrøystes vedteke

Utvalet sitt tilleggsframlegget vert samrøystes vedteke

PL - 072/23 VEDTAK:

Forvaltningsplanen vert lagt ut for innspel og tilbakemeldingar. Frist for tilbakemelding er 15. oktober.

Administrasjonen vert beden om å korrigera faktafeil i planen, inkludert dialog med Lars Mjøs om hans innspel. Administrasjonen har så fullmakt til å senda ut korrigert plan for innspel og tilbakemeldingar

074/23: 111/59 Øvre Raknes - Oppføring av tilbygg og påbygg - Handsaming av klage

KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

"Kommunen sine vedtak av 31.11.2022 saksnr. 133/22 og 08.12.2022 saknr. 366/22 vert oppretthalde. Klagen vert ikkje teke til fylgje. Saka vert send til Statsforvaltaren i Vestland for vidare handsaming, jf. plan- og bygningslova § 1-9, jf. forvaltningslova § 33."

30.08.2023 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

AVRØYSTING:

Samrøystes vedteke

PL - 074/23 VEDTAK:

Kommunen sine vedtak av 31.11.2022 saksnr. 133/22 og 08.12.2022 saknr. 366/22 vert oppretthalde. Klagen vert ikkje teke til fylgje. Saka vert send til Statsforvaltaren i Vestland for vidare handsaming, jf. plan- og bygningslova § 1-9, jf. forvaltningslova § 33.

075/23: 23/1 Kleppe Nordre - Søknad om dispensasjon - bruksendring frå løe til bustadhus - handsaming av klage

KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

"Kommunen sitt vedtak av 29/06/2022 saknr.187/22 vert oppretthalde. Klagen vert ikkje teke til fylgje. Saka vert send til Statsforvaltaren i Vestland for vidare handsaming, jf. plan- og bygningslova § 1-9, jf. forvaltningslova § 33."

28.09.2022 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

Kari L. Mjøs gjorde slikt framlegg:

"Saka vert utsett. Administrasjonen får i oppdrag av PTU å oppfordre søkjar til å søkje om tiltaket også etter jordlova. Saken vert tatt opp igjen når jordlovsvedtaket er tatt."

AVRØYSTING UTSETTING:

Utsettingsframlegget vert vedteke 4 røyster mot 1 røyst.

PL - 102/22 VEDTAK:

Saka vert utsett. Administrasjonen får i oppdrag av PTU å oppfordre søkjar til å søkje om tiltaket også etter jordlova. Saken vert tatt opp igjen når jordlovsvedtaket er tatt.

30.08.2023 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

Utvalet sette fram slikt fellesframlegg:

"Kommunen sitt vedtak av 29/06/2022 saknr.187/22 vert gjort om. Klagen vert teken til fylgje. Det vert gjeve dispensasjon i medhald av plan- og bygningslova §19-2 som omsøkt. Bygget sitt arkitektoniske uttrykk skal bevarast gjennom ei ombygging og bruksendring.

Vurderinga er at fordelane med dispensasjon er større enn ulempene, og set ikkje LNF-føremålet til side. Bygningen representerer i dag ikkje noko verdi som driftsbygning for bruket. Dersom garden

skal takast i drift att med sjølvstendig dyrehald vil ikkje denne bygningen stette dagens krav mtp dyrevelferd med meir, og det vil då verte trong for å oppføre ein ny driftsbygning. Med å gje løyvet kan me sikre at bygget ikkje forfell. Tiltaket krev ikkje nytt areal og bandlegg ikkje urørt natur. Det vert elles vist til grunngjevinga i dispensasjonssøknaden."

AVRØYSTING:

Utvalet sitt framlegg vert samrøystes vedteke

PL - 075/23 VEDTAK:

Kommunen sitt vedtak av 29/06/2022 saknr.187/22 vert gjort om. Klagen vert teken til fylgje. Det vert gjeve dispensasjon i medhald av plan- og bygningslova §19-2 som omsøkt. Bygget sitt arkitektoniske uttrykk skal bevarast gjennom ei ombygging og bruksendring.

Vurderinga er at fordelane med dispensasjon er større enn ulempene, og set ikkje LNF-føremålet til side. Bygningen representerer i dag ikkje noko verdi som driftsbygning for bruket. Dersom garden skal takast i drift att med sjølvstendig dyrehald vil ikkje denne bygningen stette dagens krav mtp dyrevelferd med meir, og det vil då verte trong for å oppføre ein ny driftsbygning. Med å gje løyvet kan me sikre at bygget ikkje forfell. Tiltaket krev ikkje nytt areal og bandlegg ikkje urørt natur. Det vert elles vist til grunngjevinga i dispensasjonssøknaden.

076/23: 135/1 Runnhovda - Søknad om dispensasjon for oppføring av barnehage - handsaming av klage

KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

"Kommunen sitt vedtak av 24.05.2023 saknr. 047/23 vert oppretthalde. Klage av 19.06.2023 vert ikkje teke til fylgje. Saka vert send til Statsforvaltaren i Vestland for vidareending til Kommunal- og distriktsdepartementet for oppnemning av setjestatsforvaltar for handsaming av klagen, jf. plan- og bygningslova § 1-9, jf. forvaltningslova § 33."

30.08.2023 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

AVRØYSTING:

Samrøystes vedteke

PL - 076/23 VEDTAK:

Kommunen sitt vedtak av 24.05.2023 saknr. 047/23 vert oppretthalde. Klage av 19.06.2023 vert ikkje teke til fylgje. Saka vert send til Statsforvaltaren i Vestland for vidareending til Kommunal- og distriktsdepartementet for oppnemning av setjestatsforvaltar for handsaming av klagen, jf.

plan- og bygningslova § 1-9, jf. forvaltningslova § 33.

078/23 ligg etter siste sak i møte grunna den vert ettersendt. 078/23 vert handsama før 077/23.

078/23: 13/1 Lono - Søknad om dispensasjon for oppretting av ny grunneigedom

KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

"Kommunen gjev dispensasjon frå plan- og bygningslova §§ 11-6 og 11-7 nr. 5 boksta av til frådeling av parsell med våningshus på gnr. 13 bnr. 1, jf. plan- og bygningslova § 19-2 med slik avgrensing som er sett i jordlovsvedtak av 21.12.2022 saknr. 393/22."

Grunngjeving:

Omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert ikkje vesentleg tilsidesett.

Etter ei samla vurdering er fordelten med å gje dispensasjon klårt større enn ulempene.

Det er i tillegg føremålstenleg å gje dispensasjon til tiltaket.

Sjå i tillegg kommunedirektøren si vurdering.

30.08.2023 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

Utvalet hadde slik merknad: Utvalet er uroleg for langsiktig risiko for konflikhtar i framtida knytta til at fråskild eigedom har tilkomstveg gjennom gardstunet. Ein vil oppfordra til at grunneigar sikrar turvande vegløyising for den fråskilde eigedomen før sal.

AVRØYSTING:

Samrøystes vedteke

PL - 078/23 VEDTAK:

Kommunen gjev dispensasjon frå plan- og bygningslova §§ 11-6 og 11-7 nr. 5 boksta av til frådeling av parsell med våningshus på gnr. 13 bnr. 1, jf. plan- og bygningslova § 19-2 med slik avgrensing som er sett i jordlovsvedtak av 21.12.2022 saknr. 393/22.

Grunngjeving:

Omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert ikkje vesentleg tilsidesett.

Etter ei samla vurdering er fordelten med å gje dispensasjon klårt større enn ulempene.

Det er i tillegg føremålstenleg å gje dispensasjon til tiltaket.

Sjå i tillegg kommunedirektøren si vurdering.

077/23: Andre saker/spørsmål

30.08.2023 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

Kjellaug Hartveit, SP, hadde slikt spørsmål: Eg har teken dette opp før og kan ikkje sjå at det har vorte gjort noko. Kan ikkje bompengebuene på Sakslivegen verte fjerna no når vegen er kommunal?

Kommunalsjefen ga slikt svar: Dette skal kommunen sjå nærare på umiddelbart.

Øyvind Litland, AP, hadde slikt spørsmål: Kva er status på reguleringsplanen for Haus?

Leiar for teknisk forvaltning ga slikt svar på reguleringsplan for Haus. Tiltakshavar har teken kontakt med kommunen for å kome seg vidare. Utover det har eg ikkje meir å tilføye no. Vi kan komme tilbake til denne i neste møte.

Øyvind Litland, AP, hadde slikt spørsmål: Kva er status for bustadprosjektet Tribunebakken på Valestrand?

Kommunalsjefen ga slikt svar om Tribunebakken på Valestrand: Dette må vi undersøkje nærare og kome tilbake til.

Øyvind Litland, AP, hadde slikt spørsmål: Det er stort trykk på deponimassar utanfrå kommunen og til Osterøy. Kva gjer ein med desse massane?

Kommunalsjefen ga slikt svar om deponimassar: Det skal gå for seg etter reglane og etter mellom anna søknad. Eg kjenner ikkje til at det er kome nye søknader den seinare tid. Kommunen prøver å følgje opp dei som har dispensasjonar på dette.

Øyvind Litland, AP, hadde slikt spørsmål: Det ligg to leidningar synleg på land eller i fjæra ved Sanatoriet i Mjeldavatnet i Haus. Kva gjer ein med dette?

Kommunalsjefen ga slikt svar: Dette skal vi sjå nærare på og kome tilbake til.

Alf Terje Mortensen, FRP, hadde slikt spørsmål: Kva er status på synfaring på naust på Bernes, som

omtale i møte i mai?

Leiar for teknisk forvaltning ga slikt svar: Det er ikkje noko ulovleg her som kommunen følgjer opp i denne saka. Etter synfaring er det ikkje noko som tilseier at dette vert brukt som noko anna enn kva det er søkt om.

Utvalseleiar hadde slikt spørsmål om: Kva løyve har ein tidlegare hatt for å ta ut stein i Mjelddalen?

Kommunalsjefen ga slikt svar: Administrasjonen har fått fleire innsynskrav i samband med dette, og i byggesaksarkivet ligg det ikkje søknad om etablering av steinknuseverk eller liknande.

Sidan saka på Vevletveit vart handsama av Osterøy landbrukskontor og fylkeslandbruksstyret (på 1980-talet), vil me undersøkje i andre arkiv/fjernarkiv og sjå nærare om noko kan ligge der, men dette må vi kome tilbake til.

Noverande grunneigarar kan heller ikkje kaste nok lys over saka til at ein pr i dag har klart å nøste opp kva som har skjedd her tidlegare.

Leiar for teknisk forvaltning gav ei kort orientering om status for arbeidet med kommuneplanen sin arealdel, inkludert nye ressursar og fornya prosjektorganisering. Det er planlagt utvida planutval, PT+, etter neste møte i Plan- og kommunalteknisk utval.

PL - 077/23 VEDTAK:

Det vert ikkje gjort noko vedtak i saka

Til å skriva under møteprotokollen saman med utvalseleiar vart desse valde: Kjellaug Hartveit og Alf Terje Mortensen

Lonevåg, 30.08.2023

Runar Ludvigsen
Sekretær